

ALVER KULTURRÅD

Alver kommune
Kulturkontoret

26. mai 2020

Ang uttale på «fordeling av kulturmidlar 2020, framlegg frå rådmannen»

Alver kulturråd ønskjer ei føreseieleg og heilskapleg tilskotsordning som gjer det enkelt å handsame kulturmidlane. Det må vere enkelt både for søkjarar, sakshandsamarar og politiske beslutningstakarar.

Samstundes er det viktig at historia og eigenverdien i den frivillige lokale aktiviteten dannar grunnlag for å meisle ut ein god berekraftig kulturpolitikk på tilskotsområdet. Fordeling av tilskot er ei stor administrativ oppgåve og Alver kulturråd håper omstillingane ikkje fører til meirbelastning for det flotte lag og organisasjonslivet vi har i regionen.

Alver kulturråd ønskjer å kommentere:

Alver kulturråd vil uttale seg på generelt grunnlag. Det har ikkje vore tid til ein grundig gjennomgang av oppsettet for tildeling.

Dataprogram:

Alver kulturråd har notert seg at mange søknader ser ut til å ha falle ut av registreringssystemet trass i at søkjarane kan visa kvittering. Saka kunne derfor ikkje handsamast før det opphavlege søknadsgrunnlaget var ettergått og oppdatert. Dette kan sjå ut som ein urovekkjande mangel i sakshandsamingsystemet.

Alver kulturråd meiner derfor at det bør investerast i eit moderne dataprogram som automatisk gjev betre oversyn både for søkjar og sakshandsamarar i desse sakene. Eit godt eigna dataprogram vil og få fram kva det einskilde lag eigentleg får av stønad frå kulturmidlane, og kor mykje som går til born og ungdom. Ikkje minst vil det vere mogleg å få historikken i tildelingane slik at innretninga på tildelinga blir meir treffsikker. Ei god digital løysing vil syte for at alle søknadar blir registrert og handsama på ein demokratisk måte.

Kategoriar:

Mange kategoriar, og fleire variablar innan kvar kategori, gjer det vanskeleg å få oversikt. Vi ser framleis at dei mest kreative søkarane har søknad på fleire ulike område og på den måten får mest mogeleg ut. Det bør tillatast kunn ein søknad frå kvart lag med spesifikasjon på kva undertema det søkast i.

Årleg driftsstøtte:

Det er etterkvart opparbeidd ein god oversikt over årleg driftsstøtte til lag og organisasjonar i kulturmidlane. Det er ikkje store endringar internt i laga år for år. Det bør difor ikkje vere store skilnadar år for år i driftsstøtte til dei ymse søkjarane. Difor meiner Alver kulturråd at årleg driftsstøtte stort sett kan kome i form av «fast overføring» etter ein rask gjennomgang av sakshandsamarar.

- **Merknad ang «aktivitet» som kriterie for tildeling:** Dette er ein variabel i søknadsskjemaet som gir uheldige utslag grunna manglande informasjon om kva aktivitet er. Alver kulturråd ønskjer at kulturadministrasjonen utarbeider ein spesifikasjon på kva type aktivitet som skal registrerast. I

Epost

kulturrad@alver.kommune.no

utgangspunktet må det vere publikumsretta aktivitet som gir grunnlag for tildeling. Ein må ha i minne at eigenverdien i å delta i frivillig aktivitet er viktig sjølv om aktiviteten ikkje fører til direkte publikumskontakt.

Lokale forsamlingshus – investering/rehabilitering:

Alver kulturråd registrerer at det er ei stor og aukande investerings- og rehabiliteringsbehov i dei lokale kulturbygga i kommunen. Dette krev ofte økonomisk investering i langt større grad enn det tildelte kulturmidlar kan dekke. Det er difor viktig at det kjem på plass ein plan for investering og rehabilitering av desse lokala, ein plan som kan gjere det meir forutsigbart over eit lengre tidsrom.

Alver kulturråd og Alver idrettsråd:

Støtta til kulturråd og idrettsråd bør vere ei fast løyving utanom kulturmidlane. Løyvinga til dei to råda bør i utgangspunktet vere lik.

Lag og organisasjonar:

Med referanse til RETNINGSLINER FOR KOMMUNALE TILSKOTSORDNINGAR TIL KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV som Alver kommune har på sine heimesider, ber Alver kulturråd om at administrasjonen og politikarane ser på heilskapen i tildelingane for alle frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Staten sitt Frivilligregister bør vere eit sterkt innsøkjande kriterium for midlar frå kommunen. Men det må vere rom for å støtte sjølvorganisert aktivitet på grasrota som betyr mykje for deltakarar og lokalmiljø. I retningslinene pkt 2. Område - står det «Tilskot til drift til lag og organisasjonar som ikkje fell inn under dei andre ordningane». Ein må vurdere om ein strengt tatt kan utelate nokre grupper av organisasjonslivet til å søkje kulturmidlar.

Alver Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær